



Arkivnr: 2014/10536-32

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

Forvaltningsrevisjon innan "Prosjektstyring" - Revisjonsrapport

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak si sak 9/14 i møte 17.2.14:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan prosjektstyring, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den justerte prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av juni 2014 ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av revisjonsrapporten går det fram at føremålet med selskapskontrollen har vore:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke om fylkeskommunen har eit tilfredsstillande og fungerande prosjektstyringssystem, og om det er etablert gode rutinar for å lære av erfaringar frå gjennomførte prosjekt. Fokuset vil vere på byggeprosjekt som fylkeskommunen har gjennomført.

Følgjande problemstillingar har vorte undersøkte:

1. **Har fylkeskommunen eit tilfredsstillande prosjektstyringssystem? Under dette:**
 - a. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for initiering, prioritering og planlegging av investeringsprosjekt?
 - b. Har fylkeskommunen tilfredsstillande rutinar for gjennomføring av prosjekt, og blir desse følgt?
 - c. Er det etablert tenleg rutinar for kvalitetssikring av prosjektplanlegging og gjennomføring?
 - d. Er det etablert tilstrekkelege rutinar for risikoanalysar av prosjekt?
 - e. Er det etablerte tilstrekkelege rutinar for rapportering (t.d. for framdriftsplan, budsjett, avvik, endringar) og vert rapporteringsrutinar etterlevd?
 - f. Har fylkeskommunen tilstrekkeleg avvikshandteringssystem knytt til prosjektstyringa?

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

2. Blir prosjekt organisert med klare rolle- og ansvarsforhold? Under dette:

- a. *Har fylkeskommunen tilstrekkelege rutinar for prosjektorganisering (når det gjeld ansvar, roller og mynde) og blir dei følgde?*
- b. *Har fylkeskommunen tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til å gjennomføre tilfredsstillande prosjektstyring?*
- c. *Blir det gitt tilstrekkeleg opplæring i prosjektstyring til dei som har ansvar for å gjennomføre prosjekt for fylkeskommunen?*

3. Har fylkeskommunen tilfredsstillande system for avslutning av prosjekt?

- *Er det etablert tilfredsstillande rutinar for evaluering og erfaringsoverføring/kunnskapsdeling frå gjennomførte prosjekt?*
- *Har fylkeskommunen retningslinjer for administrativ og/eller politisk godkjenning av endelig prosjektrekningskap?*

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon innan «Prosjektstyring» og revisjonsrapport er levert og ligg ved. Deloitte har nytta dokumentanalyse, intervju, case-studie og verifiseringsprosessar som metodar i denne selskapskontrollen. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

Høyringsuttale frå fylkesrådmannen ligg ved rapporten som vedlegg 1. Som vedlegg 2 ligg, som ein del av uttalen frå fylkesrådmannen, også uttale frå advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS.

Det går også fram av rapporten at det er fleire område som kan betrast på det reviderte området.

I pt. 6., Forslag til tiltak i rapporten, har sekretariatet merka seg at Deloitte har desse forslaga til tiltak:

Revisjonen vil anbefale Hordaland fylkeskommune å:

1. *bidra til at Egedomsseksjonen får etablert eit heilskapleg og oppdatert prosjektstyringssystem, som er tilpassa behova i bygge- og rehabiliteringsprosjekt, og som mellom anna inneheld:*
 - a) *rutinar for å gjennomføre risikovurderingar og overvake risikoen i heile prosjektperioden, samt at dette blir registrert og kommunisert til rett instans.*
 - b) *rutinar og ansvar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, og vurdere å utarbeide sjekklister for kvalitetssikringa av prosjektgjennomføring.*
 - c) *retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane av prosjekta, og prosedyrar, rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føresett.*
 - d) *systematisk prosjektevaluering for å bidra til kontinuerleg forbetring av prosjektstyring og organisasjonslæring.*
 - e) *rutinar for oppfølging av kontraktar.*
- 2) *etablere internkontroll som sikrar at krava i prosjektstyringssystema blir følgd i praksis.*
- 3) *sikre at det ved oppstart i alle prosjekt blir etablert ei formalisert prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringslinjer, samt at prosjektorganiseringa blir vurdert og eventuelt endra ved behov undervegs i prosjektet.*
- 4) *vurdere om det vil vere tenleg å etablere ei styringsgruppe for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt.*
- 5) *vurdere å etablere ein strategi for å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse til gjennomføring av bygge- og rehabiliteringsprosjekt.*

Konklusjon:

Rapporten munnar ut i forslag til tiltak for å betre rutinane innan «Prosjektstyring» i Hordaland fylkeskommune. Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslaga i rapporten.

Sekretariatet meiner vidare at kontrollutvalet bør tilrå at fylkestinget ber om at fylkesrådmannen sørgjer for at det vert laga ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Forslag til innstilling

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Prosjektstyring", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. bidra til at Eigedomsseksjonen får etablert eit heilskapleg og oppdatert prosjektstyringssystem, som er tilpassa behova i bygge- og rehabiliteringsprosjekt, og som mellom anna inneheld:
 - a) rutinar for å gjennomføre risikovurderingar og overvake risikoen i heile prosjektperioden, samt at dette blir registrert og kommunisert til rett instans.
 - b) rutinar og ansvar for kvalitetssikring av planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, og vurdere å utarbeide sjekklister for kvalitetssikringa av prosjektgjennomføring.
 - c) retningslinjer for oppfølging i dei ulike fasane av prosjekta, og prosedyrar, rutinar og sjekklister for å sikre at aktivitetar blir gjennomført som føresett.
 - d) systematisk prosjektevaluering for å bidra til kontinuerleg forbetring av prosjektstyring og organisasjonslæring.
 - e) rutinar for oppfølging av kontraktar.
2. etablere internkontroll som sikrar at krava i prosjektstyringssystema blir følgd i praksis.
3. sikre at det ved oppstart i alle prosjekt blir etablert ei formalisert prosjektorganisering med klare ansvarsforhold og rapporteringslinjer, samt at prosjektorganiseringa blir vurdert og eventuelt endra ved behov undervegs i prosjektet
4. etablere ei styringsgruppe for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
5. etablere ein strategi for å sikre naudsynt kapasitet og kompetanse til gjennomføring av bygge- og rehabiliteringsprosjekt.
6. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Rapport frå Deloitte: "Prosjektstyring"